



Anna Straume, biletet er tatt i 1963.

Utlånt av Bjørg Dæmring Berge.

## HO ANNA I OLASTOVO

---

Bjørg Dæmring Berge

---

Når ho Anna kom med kyrene sine på beite her i Bortifeta, som dei sa på Straume, då var sumaren komen for oss jentene på Dæmring i 1950-åra. Ho Anna var snill. Ho hadde alltid god tid til å prata med oss ungane, og så lata oss få prøva og læra mjølka. Ho hadde tre beite til kyrene sine her på Dæmring og eitt i Hetlevika når det leid på ettersumaren. Beita var Bryggeteigen, Nesteteigen og Heldersteigen. Mellom desse teigane flytta ho kyrene etter som beita vart nedetne.

Om sumaren kjøpte me alltid mjølk hjå henne. Kyrene måtte symja over fjorden frå Straumssida ved Ungdomshuset og bort til Dæmring. Brua over fjorden var ikkje komen då. Me tok mjølkespanna

med oss og gjekk til båtstøa for å venta på at ho skulle koma roande i frå nausta på Straume og til båtstøa hjå oss. Me tykte alltid ho vart sein, men ho var like blid og tålmodig med oss for det. Me hjelpte ho med båten og tok i mot utstyret ho hadde med seg. Det var mjølkebytte med ein skvett varmt vatn i. Vatnet skulle ho bruka til å vaska jura med. Så hadde ho med ei bytta av rustfritt stål til å mjølka i, så sil og litermål, og eit gamalt spann som det var mjøl til kyrna i.

På Nesteteigen og Bryggeteigen var der små løer med båsar i. Der vart kyrene sette inn om natta og til neste morgon. Der vart dei også mjølka. Ho sa alltid namna til kyra når ho snakka til dei. Dei heitte som regel Litago, Lökkrei, Stjerna, Florsrei og Krona. Så sa ho "åtta deg" når ho ville dei skulle flytta seg til sides.

Mjølkebytte var av metall med to lok. Nedersta loket var flatt med hank, så eit med ein kant på ca. 5 – 7 cm. Det loket fekk me låna til å mjølka i. Me heldt loket under spenen og mjølka med ei hand. Seinare med trening hadde eg med eit lite

spann som eg mjølka i med begge nevane. Anna kontrollerte alltid til slutt at eg hadde snippa godt. For at kyrene skulle stå i ro når ho mjølka, fekk dei litt mjøl oppi ei gamal panna, som dei slikka på.

Det var alltid ei god stund å vera med Anna når ho mjølka. Oftaste song ho når ho sat på den vesle florsskammelen med bytta mellom knea og mjølka. Ein song eg hugsar at ho song ofte, var "Høgt frå den himmelske klåra". Visst det då var regn, hugsar eg at då måtte eg sjå opp på himmelen om der var ein klåreflekk.

Når mjølkinga var ferdig, var det til å måla opp mjølk til spanna våre. Det var fast tre liter til kvar, Ho gav oss alltid gode mål, for etter å ha aust opp or bytte med litermålet og i spanna, slompa ho or bytte litt til i spanna..

Me hjelpte ho med å flytta kyrene i frå beite til beite etter som dei hadde ete opp graset. Då tok me med utstyret som skulle brukast. Det var mjølkeskammelen, den gamle panna, møkaspade, ein kost, vaskebytte og filler og ein fiskabolleboks med spenafeitt.

På Heldersteigen var det ikkje løe. Der vart dei alltid mjølka ved grinda, Bort der var det ikkje veg, berre ein ulendt gangsti. Mjølkebytte vart bore på ryggen med tog til fatlar. Anna var ei kortvaksen dame med vonde føter, så ho vogga når ho gjekk. Ho bar bytte på ryggen med mjølka i, som skutla fram og tilbake. Ho gjekk føre og me etter med mjølkebytta med silen og mjølspannet.

Lengst vekke var beitet i Hetlevika. Stien innover der gjekk i skogen, og var idl å gå. Likevel hadde ho med seg mjølkeskammelen og den gamle panna. Der var mjølkeplassen ved ei stor gamal eik. Mang ein gong var det mørkt før ho kom att or Hetlevika om kvelden. Men Anna var like blid, og hadde god tid for det. Det hende stundom at straumen høvde med floa. Då kunne ho ro inn i Hetlevika,

Som takk for hjelpa me gav ho, fekk me stundom ei rute kokesjokolade, som var pakka inn i matpapir. Den hadde ho med i forkleomma. Me følte oss då på ein måte litt flau, for det kjekkaste me visste om sumaren var for oss at ho Anna kom.

Anna (1913 - 1996) var dotter av Anders Olsen Stamnes. Ho var syster til "Jaabæk-Knut". Ho var gift med Anders Straume i Olastova på Straume bnr. 4. Dei hadde fem born, to gutar og tre jenter.

Nesteteigen er der huset og eignedomen til Jan Ingvar Nilsen er no. Der hytta til Synnøve Straume er, beita kyrne etter at graset var sleie.

Bryggteigen er bakken ved inste delen av Dragebryggja. Der var meir bakke før vegen og brua kom.

Heldersteigen er bakken frå Skipshelleren og ned til sjøen.

Hetlevika er nedste delen av Kyradalen der vegen går gjennom ei skjæring før Dæmring.

Når eg snakkar om "kyr" brukar eg dialekten slik me er van til å snakka på Straume. Noko anna ville vore unaturleg i denne samanhengen. Det same gjeld "bytte" som Anna bar på ryggen.